

# Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2019 51. årg.



*Hausttakkefest er ein takk  
til Gud for årets avling*



Frå kyrkjeverja

side 6



Gode, vakre spor

side 8



Velsigninga

side 12



Gamleklokkaren

side 14

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kirke.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kirke.no

Prost: Kjell Børge Tjemmland tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjeveje: Siri Vik tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Gunnar Bjorland Stone tlf. 962 32 582

### Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Trusopplærar Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekirke.no>

Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø (permisjon) tlf. 922 67 251

Vikar Mari Ask Helland tlf. 911 63 039

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende (permisjon) Vikar Marit Høie Hetland tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Elisabeth Obrestad tlf. 908 58 793

Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 467 98 464

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik tlf. 467 98 464

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårland tlf. 990 26 276

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>

Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 77

Besøk vår nettside:

**[www.time-kirke.no](http://www.time-kirke.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: [time.soknerad@time-kirke.no](mailto:time.soknerad@time-kirke.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@time-kirke.no](mailto:bryne.soknerad@time-kirke.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@time-kirke.no](mailto:undheim.soknerad@time-kirke.no)

# Til ettertanke

## Om å bli i Jesus

*Eg har alltid synst det har vore utfordrande å starte eit nytt semester etter sommarferien. Det er ikkje det at eg ikkje har det godt i kvardagen, men eg elskar ferie! Som kyrkjelydspedagog er eg likevel så heldig at eg får starte hausten med to dagar på "Forum for trosopplæring" på Solborg folkehøgskule. Det er med på å gjere oppstarten lettare, og ikkje minst meiningsfylt. Dette året sat eg igjen med tankar om det å bli i Jesus. Kva betyr eigentleg det?*

I Johannes 8, 31-32 står dette:

*Så sa Jesus til dei jødane som var komne til tru på han: «Blir de verande i mitt ord, er de verkeleg mine læresveinar. Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjea dykk frie»*

*Bli verande i mitt ord, seier Jesus. Dette gir meg eit ganske godt hint synest eg. Bli verande i ordet. Eg trur at Bibelen verkeleg er svaret. Sjølv om me kan diskutere opp og ned og vere ueinige om tolkingar av det eine og det andre, så trur eg at Bibelen gir oss mat for kvardagen. Der får me faktisk det me treng mest av alt. Me treng å vere nær Jesus, og me treng å stadig bli meir kjende med han.*

*Då eg var liten fekk eg min første bibel, «Min første reise gjennom*



Ragnhild Hanssen

*Bibelen», med fargerike bilete og korte, enkle bibelforteljingar. Eg las boka i filler. Og forteljingane var med meg også i dei periodane i livet der eg ikkje har vore ein like ivrig bibellesar. Eg trur det er ein uendeleig stor verdi å lære barna våre forteljingane frå Bibelen. Her er det mykje å hente fram i ulike livsfasar, anten livet møter oss med sorg eller glede.*

*Så mi oppfordring for hausten er denne: Bruk Bibelen! Les, fortel barn og barnebarn bibelforteljingar og del Ordet med kvarandre i heim og kyrkjelyd. «Då skal de få kjenna sanninga, og sanninga skal gjea dykk frie».*

God haust!

Kyrkjelyds pedagog  
i Time og Undheim

Ragnhild Hanssen

Framside: Hausetakfest er ein takk til Gud for årets avling - Foto: Bjørn Håland

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Gunnar Frøyland,

Reidun Jane Heskstad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 4. november 2019.

Neste nr. kjem ut ca. 5. desember 2019.

# Min salme

## Lean On Me

*Sometimes in our lives we all have pain  
We all have sorrow  
But if we are wise  
We know that there's always tomorrow*

*Lean on me, when you're not strong  
And I'll be your friend  
I'll help you carry on  
For it won't be long  
'Til I'm gonna need  
Somebody to lean on*

*Please swallow your pride  
If I have things you need to borrow  
For no one can fill those of your needs  
That you won't let show*

*You just call on me brother, when you need a hand  
We all need somebody to lean on  
I just might have a problem that you'll understand  
We all need somebody to lean on*

*Lean on me, when you're not strong  
And I'll be your friend  
I'll help you carry on  
For it won't be long  
'Til I'm gonna need  
Somebody to lean on*

*Bill Withers*

"Jeg synes at denne salmen berører kjernen i Bibelens budskap om kjærlighet."

Nina Salte



Jeg synes at denne salmen berører kjernen i Bibelens budskap om kjærlighet. Fokus rettes mot den som mottar kjærlighet. Det gis en oppfordring til å ta imot nestekjærligheten, lene seg til og hvile i at personen som strekker ut en hjelpende hånd er med og bærer gjennom vanskelige tider.

Midt i det vanskelige er det utrolig betydningsfullt å oppleve trøst og støtte fra Gud og mennesker. Det formidles samtidig forståelse og aksept for at en ikke alltid er like sterk. Vi er kalt til å leve i fellesskap og være der for hverandre. Slik får vi styrken som trengs til å holde ut. Ved å ha noen til å lene seg til blir byrden lettere å bære. Salmen uttrykker samtidig at det kan være en periode hvor en er den som trenger hjelp og støtte, mens andre ganger kan det være at en selv gir støtte til andre.

Salmen formidler håp om bedre tider. Så om det ikke rent bokstavelig blir godt dagen etterpå, som det uttrykkes i denne salmen, innebærer det kristne håpet et løfte om en dag hvor det vonde er borte.

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!"  
Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen

## På stabsbesøk - klokkarane



*Den gamle og den nye tid - gamleklokkar Andenes med dei to unge, Øivind og Oline*

På stabsrunden har me denne gongen hamna hos klokkarane. Undheim og Bryne har klokkarar på frivillig basis, men denne gongen møter me dei to faste - i Time og Bryne. Begge stader er dei nå i ein overgangsfase, nye klokkarar begge stader. Olav Njølstad Egeland dreg til Trondheim for å bli student ved NTNU, og i Brynekirka takkar gamleklokkaren av: Leif Andenes sluttar etter 40 år. Ein rik epoke er snart over!

Helgedagen fekk møta både avgåande og nytilsette klokkarar i august. Olav Njølstad Egeland har vore klokkar i Time i nesten to år. Han tykkjer det er hyggelege folk i Time-kyrkja, og han har likt seg godt i arbeidet. Kyrkjelyden har sett pris på den unge klokkaren sin, og vil ønskja han lukke til som student.

Leif Andenes fekk møta dei to nye, unge klokkarane våre. Han strevar med helsa nå, men hadde ein bra dag då me møttest. Dei unge fekk med seg ei aning av gamletida.

Andenes starta som vikar for Torstein Moi i Time-kyrkja, og då Bryne-kyrkja vart ferdig i 1979, vart han klokkar der òg. Ungdommane lurer på kva han likte best, og då trekkjer Andenes fram konfirmasjonsgudstenestene: Mykje folk, stolte foreldre og besteforeldre, viktige ting skjedde i kyrkja. Andenes har alltid likt folk, og han kjende både mange foreldre og den eldre generasjonen. Det var fint.



Øivind Njølstad Egeland

Tidene forandrar seg, mykje er annleis, men Andenes tykkjer dei unge har ei fin framferd

- Dei kan føra seg! Samtalen kjem òg innom nattverden og utdelinga av brød og vin. Mange set pris på blikk-kontakt med utdelaren. - Ja, Jesusblikket, seier Andenes. Det får stå som ei utfordring til dei to unge som nå går inn i klokkararbeidet!

**Øivind Njølstad Egeland (17)**, ny klokkar i Time. Han går i 2. klasse på Vågen vidaregåande skule. Hovudinstrumentet hans er euphonium, eit blåseinstrument. I tillegg spelar han òg trombone.

Øivind er korpsmusikar, i ikkje mindre enn tre korps: Rosseland musikk-korps, Rogaland ungdomsskorps (RUK) og Sola brassband.

Øivind gleder seg til å vera klokkar, og han tenkte faktisk på jobben før broren Olav starta! 11. august var første klokkar-søndagen hans, og han fekk fine ord på Kyrkjetoget etter gudstenesta.

**Oline Høie Hetland (16)**, ny høgtidsklokkar (og nokre andre gudstenester) i Bryne-kyrkja. Ho går på Tryggheim vidaregåande skule på



Øivind sin første klokkar-søndag



## KYRKJEKAFFIDRØS

*Det er endå litt sommar igjen, men hausten nærmar seg. Kyrkjelyden møtest. Mange smil, varme klemmar og gode gjensyn. - Kjekt å sjå deg! Me møtest og vert møtt andlet til andlet - i eit levande fellesskap. Her er verkeleg plass til alle!*

*Bak i kyrkja på høgre side sit ein trufast kyrkjegjengjar. Ei kvinne har funne sin plass, ein plass som sjeldan står tom. Kvinnen som eg vil drikka kyrjkaffi med i dag heiter Astrid Røthing.*

*Astrid smiler og er klar for ein prat.*

*- Eg går på gudsteneste fordi eg synest det er gildt, og så treffer eg mange kjende. Eg er her nesten kvar søndag. Eg går og på Søndagstreff i kyrkja og nokre gonger på konsert.*

*Astrid synest det fine med gudsteneste er å høyra Guds ord. Det er ikkje vanskeleg. - Eg har lært teiknspråk, så viss nokon brukar det forstår eg det òg. Eg les litt i Bibelen heime òg. Kvar kveld før eg sovnar, trekker eg eit bibelvers. Tenk så fint å sovna med eit bibelvers i tankane!*

*- Likar du å syngja?*

*- Ja, strålar Astrid. - Eg likar å syngja, dansa og spela blokkfløyte.*

*Eg likar godt "Å, bli hos meg" og eg synest "Jesus styr du mine tankar" er ein fin song.*

*- Eg er med i eit band - Bankers. Me skal vera på gudsteneste her i desember. - Kva synest du om kyrjkaffi?*

*- Kyrjkaffi er koseleg. Då kan eg snakka med andre. Eg kjem lett i kontakt med folk og andre vil snakka med meg.*



Astrid Røthing.

*Før eg rekk å seia takk for praten, gir Astrid meg ein kjempeklem.*

*Så eg seier: - Takk, Astrid - både for klem og for tankane du delte!*

Tekst og foto: RJH



Oline Høie Hetland

Helse- og oppvekstfag.

Mange har nok høyrte henne på piano eller det nye flygelet i kyrkja. Ho tek piano-timar på kulturskulen, og har komme langt! Elles kan me ta med at Oline likar mykje forskjellig, mellom anna å laga mat, sitja

dehuskyrkja og på Lye forsamlingshus.

Oline har vakse opp i Brynekyrkja, seier ho, og ho trivst godt der. Ho gleder seg til å ta fatt som klokkar ut på hausten ein gong.

barnevakt, og å vera med i ungdomsarbeidet i Be-

Tekst og foto: LHH

# Frå kyrkjeverja sin pult

**Gunnar Bjorland Stone**



Kjære leser!

Det er spanande å jobbe i den norske kyrkja i Time. Kyrkjelydane er prega av gode fellesskap, høgt aktivitetsnivå og eit ønskje om å vere ei open kyrkje for alle rundt oss. Vårt viktigaste oppdrag er å vere Jesu kropp der me er, møte menneske med Jesu omsorg, og dele bodskapen om Han gjennom både ord og gjerning. Dette er ikkje gjort av seg sjølv, og eg ønskjer å nytte høvet til å takke våre fantastiske tilsette, frivillige og folkevalde for jobben de gjer i og for kyrkjelydane våre. Tusen takk!

I tillegg til det gode arbeidet i kyrkjelydane, har me våren 2019 sett fleire byggeprosjekt påbegynt og ferdigstilte. På Time vart både utvidinga av gravplassen og nytt sløkkeanlegg i kyrkja fullførte. Bårehuset vil få ei utvendig oppfrisking i løpet av seinsommaren, og med god dugnadshjelp fra Åmund Eikeland og Amund Undheim, vart kyrkja vaska utvendig frå tårn til grunnmur. På Bryne er gangstien langs kyrkja re-estabert og forlenga slik at den no strekker seg fra Brynevegen og heilt ned til Fritz Røedparken. Og på Undheim har Kjell Aarre sett opp eit flott smijernsrekkrverk frå kyrkja og opp til gravplassen. Alt i alt er kyrkjene og gravplassane godt haldne.

Hausten 2019 vert eit spanande semester i stab og sokneråd. Ved kyrkjevalet i september skal nye sokneråd veljast for dei neste fire åra, og i staben skjer det mange endringar på same tid.

Vaktmeister Gunhild Lande og organist Oddny Underhaug går av med pensjon i løpet av hausten, og dagleg leiar i Bryne, Bjørn Inge Hauge, går over i ny stilling i NMSU (Det norske misjonsselskap-Ung). Diakon Marit Høie Hetland går over i trusopplæringsstilling internt, og ny diakon er Maria Praxedes Unlayao Slettebø. Ny klokkar i Time, Øivind Njølstad Egeland, tar over etter storebror Olav Njølstad Egeland, og inn i kyrketenor-teamet i Bryne kjem Arne Espevik. Og etter 40 år som tilsett gjev erke-klokkar Leif Andenes stafettpinnen vidare til 70 år yngre Oline Høie Hetland.

Det er ei sann glede å få vere ein del av alt som skjer i Den norske kyrkja i Time. Nok ein gong takk til alle som bidrar til å skape gode rom og ei open kyrkje i og for lokalsamfunnet.

Guds fred og alt godt for resten av året!

## Varden – eit nytt og spennande arbeid for ungdom!

Etter grundig og god planlegging, er Varden ungdomsarbeid endelig skikkeleg i gang på Lye! Oppstarten i mai gjekk over all forventning! Dei over 70 ungdommene som strøymde til Lye forsamlingshus frå heile Jæren var i fyr og flamme etter den

first kvelden som skulle bli starten på eit nytt og spennande arbeid for ungdom på Jæren. Kom til Varden på Lye ein fredag i haust, du òg!



# I Helgedagen for 50 år sidan

## Credo 40-år

Oktobernummeret av Helgedagen 1969 er totalt prega av at Credo, Det kristne gymnasiast - og skulelaget ved Rogaland offentlege landsgymnas og statsrealskule, feira 40 år. Me får innføring i historia som starta i 1929. Kjende Brynenamn, Steinar Kjøllesdal (misjonsprest) og Kåre Time (prest i DnK)) var ihuga med i prosessen som vart ein realitet det året. Skulelaget Credo var alt «kjendis» i 1969 og i mange, mange år etterpå. Eit skulelag som etterkvart i årevis stilte med eige kor, Kristenrusskoret, var både storarta og ganske uvanleg. Dirigent var lektor ved skulen, Per Otto Haarr. Formann i Credo i jubiléumsåret, Geir Magne Ånestad, intervjuar Credo-veteranen, sokneprest i Høyland Kåre Time, og rektor gratulerer med 40-årsjubileet i dette 50 år gamle oktobernummeret.

Redaksjonen



## Utdrag

### HELSING FRA REKTOR

Frå Bryne gymnas og statsreal-skule vil eg gjerne få koma med ei helsing og takk til Credo på 40-års dagen. Laget vart skipa året før eg kom til Rogaland landsgymnas i 1930, så eg har kunna fylgja det på nært hold i dei fleste av desse 40 åra.

Credo har ikkje berre vore ein gild og trygg heim for dei elevane som har vore medlemer i laget, men

det har også i høg grad sett sitt preg på dei andre elevane og lærarane ved skulen. Det er vel berre ei meining om at Credo-elevane alltid har vore av dei aller gildaste elevane våre, og at Credo derfor har ein stor del av æra for det positive miljøet og den gode arbeidsånda og samarbeidsviljen som det alltid har vore ved gymnaset og realskulen på Bryne.

For alt dette er vi Credo stor takk skuldig, og vi vil vona at laget får halda fram med si sterke stilling og sitt signerike arbeid ved skulen også i framtida.

Bjarne Undheim.



**Varden hausten 2019  
Fredagar kl. 20:00**

20. sept., 4. okt. (LAN), 18. okt.,  
1. nov., 29. nov. og 13. des.

# Ein annleis arbeidsdag

- Eg overtok redaktørroppgåva då Jens fór til Fjære. Min største innsats i bladet var at eg fekk Herborg Nordsletten (Kverneland) til å laga faste vignettar til spaltene, noko som fiffa ganske fint opp. - Slik skriv Ole Gunnar Sæbø, residerande kapellan i Time frå 1977, i ein kommentar til at Helgedagen feira 50 år.



Herborg Kverneland heime på arbeidsromet

Herborg Nordsletten Kverneland er ei dame i Time alle kjenner. Ho har vore Time-bu alle sine dagar. Me gratulerer med 80-årsdagen som vart feira i vår. Hovudutdanninga fekk ho ved Statens Håndverks- og Industri-skole i Oslo. Så vende ho heim til Jæren, til eit aktivt liv som kunstnar, - Freelance på full tid, seier ho sjøl. Det syner tydeleg gjennom tallause gode og vakre spor. Ho har hatt oppdrag for næringslivet og for private, utstillingar, både eigne og for kunstforeningar og lag. - Så har det vore ei glede for meg å stå til teneste for veldedighet, alt det frivillige arbeidet. - Frå Konge til Knott, plar eg seja om arbeidet mitt. Eit sok på Google gir også gild informasjon om henne.

Arbeidsplass og heim har alltid hatt same adresse. Undervegs i intervjuet i heimen på Kverneland måtte eg spørja: Når får din tanke kvila i fred? For idéar, tankar, skaparevne og undervisning er systematisk realiserte gjennom alle fasar i hennar liv. Alltid vaken for alt omkring seg, tenkjer eg. I jubiléumsboka for Time kyrkje sine 150 år, På Kyrkjeveg, fortel Herborg om då ho som liten kunne gå til kyrkja frå Hognestad til Oma og vidare opp til Time. - På vegn fekk eg med meg viktige naturopplevingar. Den dag i dag ser eg for meg den



## KYRKJE OG BYGD

Eit nytt symbol for kyrkja midt i landskapet der folk bur





Framsida av Helgedagen frå nr.1 i 1979 og to år framover




## VELKOMEN I KYRKJA TIL GUDSTENESTE:

(Kan bli endringar)

Slik vart gudstenestelista presentert

## Ætt skal fylge ætterad



Symbol for listene for døpte, vigde og døde

eldraude, litle soppen, eller ei rasande storspovemor som trudde me ville stela den nyklekte ungen hennar. Så var det den ufysne daude sauен og den litle harepusen som «sturta sterta» oppi Eliasmarka. - Og ho skriv vidare: -Timekyrkja har i høgaste grad påverka mi kulturhaldning og utvikling i vid forstand. Kyrkja har vore ein slags kulturskule for meg.

Helgedagen har mykje å takka henne for. Ho samarbeidde med Jens Bjelland om den første «lo-goen» for bladet, den me nå har med i kvart nummer, i Helgedagen for 50 år sidan. Presten skreiv at ho ga bladet «ansikt». Sjølv fortel ho om eit inspirerande samarbeid med sokneprest Bjelland. Dei ville formidla gjennom dette som ho vel å kalla symbol eller logoar, kjenningsmerke. Tanken var «Kyrkja i landskapet», der folk bur. I det flate Jærlandskapet har ho plassert kyrkja, som ikkje representerer «eit gamalt hus», men eit fast haldepunkt i livet til folk både i kvar dag og fest. Kristus-symbolet har også fått ein tydeleg plass. Ho nemner også at så mange av salmane våre har kyrkja med i tekstane, ikkje bare «Kyrkja ho er eit gamalt hus». «Guds kyrkje lysa skulle», syng me i «No livnar det i lundar».

Etter ti år, i nummer 1 januar 1979, får Helgedagen nytt «ansikt», også nå signert HK. Nå er det fuglen, dua på si grein, pluss Kristus-symbolet som prydar framsida fram til 1981. Og Herborg Kvernland si «hand» lever vidare i Helgedagen i symbol og logoar til faste spalter. - Dette gir gjenkjennung og gjenklang for dei som les, understrekar ho. - Eg laga fleire symbol, mellom anna: Ætt skal fylgja ætterad, Velkommen i kyrkja til gudsteneste, Kyrkje og bygd osv. Det var aldri snakk om farge på trykksakene då. Men tidene skiftar og logoar kjem og går. Tanke og tid er alltid i endring.

Stor takk til Herborg Kvernland for alt ho har berika kyrkjelydsbladet vårt med i så mange år!

emb

# Trusopplæring i kyrkjelydane i Time



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KYRKIA

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage Ande - hjelpparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdiar.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

### Babysong og småsong

Alle tre kyrkjelydane våre har no tilbod om babysong/småsong. Velkommen til ei hyggjeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, røyrslle og sosialt samvær.



### Time

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkeliten open barnehage.

#### Datoar for hausten:

2. oktober, 30. oktober, 13. november og 27. november.

Barnehagen er open 09.30-12.30. Songsamlinga er ca 10.30-11.00.

### Undheim

I Undheim kyrkje er det open barnehage kl 10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta).  
Babysong kl 10.30-11.00.

#### Datoar for babysong denne hausten:

23. oktober, 20. november og 4. desember

### Bryne

Nytt i haust er babysong i Bryne kyrkje. Det vert samlingar annankvar torsdag framover.

#### Datoar for hausten:

24. oktober, 7. november, 21. november og 5. desember

### Lys vaken

#### Bryne

Me skal igjen inn i Narnia-universet. Datoar kjem seinar Invitasjon vert sendt ut.



### Time og Undheim

I Time og Undheim arrangerer me Lys vaken litt tidlegare enn me har gjort før. Denne hausten vert 5. klassingane inviterte til overnatting i Time kyrkje 19.-20. oktober.

Me avsluttar med gudsteneste 20. oktober kl 11, også i Time kyrkje. Lys vaken handlar om å vere lys vaken for oss sjølve, for dei andre rundt oss, for Gud, og ikkje minst at Gud er lys vaken for oss. Me håpar mange vil vere med denne helga!

### **Plan-B - aktivitetsdag for 6-åringar**

15. november er det skulemøte i Rogaland og skulane har planleggingsdag. Mange treng kanskje ein Plan-B denne dagen? Då inviterer me alle 6-åringane frå alle tre sokn til Undheim kyrkje kl 08.00-15.00. Tema for dagen er «Gud



## KONSERT MED HILDE SVELA OG BARNEKOR

14. november kl. 18:00 på

Lye forsamlingshus

**Medverkande:**

Lye barnegospel

Allegro

Susanna Svela

Helene Svela



**Alle er velkomne!**

**Fri entre**



skapar – Me lagar». Me skal ha aktivitet inne og ute.  
Velkommen til ein kjekk dag på Undheim!

### ***Utdeling av barnebibel og fireårsklubb/adventsklubb***

#### Bryne

**Barnebibel til fireåringane:** Gudsteneste med utdeling av barnebibel vert 20. oktober i Bryne kyrkje.

**Adventsklubb:** Fireåringane får også invitasjon i posten til adventsklubb i Brynekirken.

Datoar: 11. og 12. desember. (her kan ein velje ein av datoane)

#### Time og Undheim

I Time og Undheim har me endra namn frå adventsklubb til fireårsklubb, sidan me startar litt før advent, og samlingane inneheld fleire bibelforteljingar i tillegg til juleforteljinga. Me vil ha tre samlingar på ettermiddagar og avsluttar med gudsteneste med utdeling av barnebibel.

**Datoar Time:**

Fireårsklubb: 12. november, 19. november og 26. november

Gudsteneste med utdeling av barnebibel: 1. desember i Time kyrkje.

**Datoar Undheim:**

Fireårsklubb: 21. november, 28. november og 5. desember  
Gudsteneste med utdeling av barnebibel: 8. desember i Undheim kyrkje.

Ragnhild Hanssen



## «Det var ei velsigning...!»

Ein tanke kom. Ein setning glapp ut. For noko hadde skjedd. Eit overlys i kvardagen. Eit val eg gjorde, eller andre gjorde for meg. Det gjekk jammen godt! Overraskande godt. Så godt eller grensesprengande, at tanken kom seglande: «Dette vart til velsigning!» Dette kom med noko større enn kvardag og menneskeliv i det vanlege kan forventa.

Me kan bruka ordet velsigning på mange måtar. Det skjer i Bibelen sitt store skriftbibliotek også. Velsigning og å velsigna har stor plass: Gud velsignar. Det er Herrens velsigning som gjer rik, fortel Det gamle testamentet. Jesus velsignar. Han bed oss velsigna, slik også foreldre gav vidare velsigning frå Gud til sine etterkomrarar i gammal tid. Ei viss utvikling av velsigninga si meinung og teologi går gjennom Bibelen. Det gamle Testamentet har meir vekt på materielle velsigningar, og Det nye testamentet fokuserer meir på åndeleg velsigning. Men overalt i Bibelen er det slik at velsigning til sjuande og sist kjem frå Gud – same kven som seier ei velsigning.

Nokre av oss tykkjer det er viktig å halda dette fast i vår tid, i måten me snakkar på. Det er Gud som velsignar. Me menneske velsignar ikkje i kraft av oss sjølve. Me gjer noko større, me lyser Guds velsigning, bed om Guds velsigning osv. Me seier «Gud velsigne deg!» Og ventar på at det kan verta til velsigning, til noko som er erfart og vert ein takk: «Det var ei velsigning!»



Velsigninga - tre fingrar opp (treeininga) når ein teiknar korset. Kristusfigur over kyrkjedøra på Notodden kirke (Foto Håvard Russnes)

Noko av det finaste eg får gjera som prest, er å lysa velsigninga. Å gje vidare det beste Gud ønskjer å fylla livet vårt med.

*“Herren velsigne deg og vere deg. Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.*

*Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.”*

Å høyra desse orda og gje dei vidare til andre, er stort. Viss ord kan skapa det dei uttrykkjer, må det i høgaste grad gjelda desse orda. Dei kjem frå høgaste hald og gjer liv og kvardag så mykje større. Dei har garanti frå Gud som har skapt oss, frå Jesus som har kjøpt oss inn i det som velsigninga står for.

I velsigninga si lange historie står den aronittiske velsigninga i ei særstilling, 4.Mos.6,22-26.

I ei avgjerande tid for Israelsfolket ga Moses beskjed til bror sin Aron om å bringa folket ei helsing som romma alt det vesentlege i gudstrua. Det blei altså den aronittiske velsigninga. Som har vorte lyst opp gjennom århundra. I dag avsluttar ho alle gudstener, vigslar og gravferder. Ja, for mange rammar ho inn livet frå dåp til død. Etter 3 handfullar med vatn over hovudet i livet sin start - til 3 skuffer med jord over kistelokket i livet sin avskjed.

Begge desse gongene lyser presten ei tredelt velsigning



## DET LIVSSTYKKET EG ENNO HAR ATT

*Gud, du bur i æva, berre med deg kan eg tala ope om den kjære som du har kalla heim til deg. Du lyttar tolmodig. Dagar og veker går, andre menneske lever sitt liv som vanleg, men ingen ting kan fylla tomrommet for meg.*

*Hjelp meg å bera einsemda og i takk minnast alt vi hadde saman. Men lat meg ikkje bli sittande fast i minna, lat meg ta vare på det livsstykket eg enno har att, og dei menneska eg har omkring meg. Sei til meg at venen min er hos deg i glede og fred, og at også eg eingong kan få koma dit!*

Nr. 168 i Norsk Bønebok (NoS)

Etter jødisk bøn. O: Svein Ellingsen (1929-) / Oskar Stein Bjørlykke (1939 -)

### Norsk Bønebok

Siste delen av Norsk salmebok har ei bønebok. Ho fins også i separat utgåve, Norsk Bønebok, og er svært innhaldsrik. Bøn nr.168, som du nett har lese, set ord på tankar mange av oss ber på. Sakn og sorg over nære som ikkje er i lag med oss lenger har gjerne vore med gjennom lange, lyse sommardagar. Så fylgjer desse tankane oss som skuggen inn i hausten og vidare. Dette er ei fin bøn å ta med når me steller gravene for våre kjære. Laurdag før Allehelgensdag, 1.søndag i november, går mange til kyrkjegården. Time kyrkje er open denne dagen, både for samling i kyrkja og for samvær og samtale.

emb

over alle som er til stades. Ei velsigning som betyr at Gud stiller til disposisjon for oss alt det han sjølv er og eig, og alt det som me treng. 3 gåver Gud ønsker å minna oss på, og som me fritt kan velja å ta imot.

For det første: "Herren velsigne deg og vare deg." Han vil gje oss si omsorg.

For det andre: "Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig." Han vil gje oss sin nåde.

For det tredje: "Herren løfte sitt åsyn på deg og gje deg fred." Han vil gje oss sin fred.

Det er ei utruleg meiningsfull oppgåve å gje vidare løftet om Guds omsorg, Guds nåde og Guds fred. Dette kan eg jo ikkje vera utan sjølv! Me som er skapte i Guds bilde, treng dette. Mange ønsker at livet vårt erfarer mykje av dette. At me i konkrete hendingar kan sei: «Dette vart til velsigning!»

### Velsigninga sitt løfte om Guds omsorg.

Nokre gonger kan me menneske merka Guds omsorg og anar ei velsigning som me bare må takka for. Andre gonger kunne me ønska å merka Guds omsorg sterkare. Då er velsigninga si helsing at same kva som skjer med meg, er eg ikkje uten Gud. Når eg sørger og saknar, er eg ikkje åleine. Når eg stiller spørsmål og grublar over

livet sine gåter, er eg i Gud si hand.

### Velsigninga sitt løfte om Guds nåde.

Det er ikkje alltid at problemet er å forstå Gud. Det er meir å forstå meg sjølv. Å kunna leva med val og handlingar som ikkje var gode. Å forsona meg med mi eiga rolle i relasjonar som rauk og draumar som sprakk. Ikkje alltid maktar me å leva med ope blikk og lyfta ansikt. Då er velsigninga sitt fantastiske budskap dette: "Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig." Gud som ser og kjenner alt, han er som faren som står med ope fang og lyfta blikk mot ein bortkommen son på veg heim. Guds nåde.

### Velsigninga sitt løfte om Guds fred.

Ein djup fred kan sildra inn i livet vårt når me trur helsinga om Guds nåde. Ein fred som går djupare og er meir stabil enn urolege sinn og hjarte. Vår eigen fred er skjør. Guds fred set føter på fjell. Han er grunna på den freden Jesus kjøpte og vann for oss. Ein fred å leva i. Ein fred me kan døy på. For Guds fred er evig!

Slikt må vel vera til velsigning!

Stein Ødegård

# Gamleklokkaren går frå borde



Hyrdingen legg staven ned etter 40-års trufast klokkenester. (Foto Trond Borgen)

Så lenge Bryne-kyrkja har vore til, har Leif Andenes vore her - som klokkar. Starten var altså i 1979, for 40 år sidan! Det er bra mange gudstenester, vigslar og andre samlingar!

Men før det? Kva fekk Åkrafjorden til Jærs? Leif Andenes vaks opp på Bjellandsnes, som i den tid hadde landhandel med størst omsetnad i den tida fjorden var vegen. Andre tider kom, og i dag bur det ikkje lenger folk fast der. E- 134 går på andre sida av fjorden, og ekstrabåt må til for å koma til Bjelland. Leif hugsar båt-turane til kyrkje i Åkra, og gamleklokkaren Tor Djuve som forsongar - utan orgel - gjorde inntrykk. I leikehuset heime laga dei òg til "dåp", med same "klokkarlyden"!

Ledig jobb på Bryne Likningskontor førte han til Bryne i 1961, og her vart han verande. - Det var veldig bra å koma til Bryne! Her var det jernbane. Oslo-toget stoppa her, og det var interessant å gå på stasjonen og sjå når det kom susande inn med ein pust frå den store verda!

Sidan han arbeidde i kommunen, vart han spurd om å vera med på Jærdagsarrangementet. Slik vart han kjend med mange. Også gjennom fri-idretten og Bryne kunstforening utvida talet på vener og kjenningar seg.

Då ny kyrkje vart ferdig på Bryne, måtte det klokkar til. Fleire skubba på Leif om å søkja: - Du hadde passa fint til å vera klokkar i den nye kyrkja! Og etter litt meir overtal-ing, vart søkeraden send - og innvilga! På den tida var det meir høgtideleg, og tilsetjingsbrevet kom frå biskop Sigurd Lunde.

Leif likar folk, og dette har han teke med seg som klokkar. Han har naturleg kontakt med utruleg mange gjennom kunst, idrett og kyrkje. Også på arbeidsstaden sin på likningskontoret vart han kjend med mange. Det gjer at ved konfirmasjonar, bryllaup og dåp, når mange er samla, kjenner gjerne Leif fleire generasjonar. Det gjer folk trygge, også dei som ikkje er så ofte i kyrkja. - Det er viktig å treffa alle folk! Leif har likt konfirmasjons-gudstenestene, med masse folk samla. Han har gledd seg med stolte mørdrer og fedrar - og ikkje minst, besteforeldre.

Den menneskelege kontakten som Leif har vore så flink til med dei rundt seg, har også prestane fått godt av.



Høgtid i Bryne-kyrkja

Ei lita rundspørjing blant tidlegare og nåverande prestar, viser at Leif har skapt godt klima rundt seg. Ein av dei tidlegare prestane seier at då han var på besøk i Bryne-kyrkja året før han søkte seg hit, så var møtet med Leif ein viktig grunn til at søknaden gjekk til Bryne. Fleire seier at Leif var god for dei nye, ferske prestane som kom hit. - Han har lært opp prestar, helst utan at dei veit om det!

Leif Andenes har ikkje hatt bil, så han har gått til kyrkja, også Time-kyrkja. Han har likt å vera ute i god tid, så vintersdag var han nok ute før dagslyset kom. Før presten og organisten kom, hadde Leif stulla og stelt i kyrkja, og kaffien var klar. Kaffistunda inneholdt òg filosofering over dagen og tekstane, og så var dei klare for høgtidsstunda: gudstenesta.

Høgtid og helg møtte kyrkjelyden. Leif har alltid bruka mørk dress, og det tykkjer mange er eit fint skilje på kvardag og helg. - Han har vore ein gudbenåda formidlar, vert det sagt - og me er mange som set pris på den naturlege, fine nynorske stemma hans. - Det rommet han kjem inni, vert opna med varme og estetikk. Me er velkomne, venta. - Han formidlar Guds glede over å sjå menneske. Mange gode ord har vorte sagt - og med rette - om Leif. Sjølv ser han på det som eit privilegium det han har fått vore med på.

Me avsluttar med Leif si glede over at det også kom gamle bedehussongar inn i ny salmebok. Frisk kyrkjelydssong på "Da Jesus satte sjelen fri" gledde Leif. - Det var kjekt å vera i den songen!

LHH

## Kulturen og kyrja sitt gode ansikt – og blikk - på Bryne!

Kven kan seja ut den gleda  
med slik undring, ro og fryd?  
Lesa tekst og dikt og kveda  
med ei røyst av himmellyd?

Kven kan opna rom og dører  
inn i kunst- og kyrkjeverd?  
Jau, ditt ansikts glød oss fører.  
Inn i lyset går vår ferd.

Du er tidlaus midt i tida,  
syner livskunst utan pes,  
viser veg som kan oss fria.  
Gode venn, Leif Andenes.

Kven kan seja kor det kjem frå?  
Er det takken? Er alt gitt?  
Kan me ana, våga tru på:  
Takk gjer livet raust og fritt.

Stein Ødegård (skrive i høve Leif Andenes sin 85-årsdag 2018)



### TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redd. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
CHAT

**SOS**  
MELDING

 **KIRKEN'S SOS**

## Velkommen til ALLEGRO, nytt kor for alle i 3.-7. klasse

Allegro er eit nytt kor som har starta opp hausten 2019 i Brynekyrkja for alle frå 3. - 7. klasse. Vi øver på songane og har ein pause med frukt kvar gong.

### Tidspunkt,stad og datoar:

Annankvar torsdag (i partalsveker) kl. 18.00-19.00. Møt opp i kyrkjesalen i Bryne kyrkje.  
Vidare datoar: 3. oktober, 17. oktober, (31. oktober utgår), 14. november, 28. november og 12. desember, 9. januar, 23. januar, osv.

#### Har du spørsmål:

Kontakt: Marit Hoie Hetland, Per Olav Egeland eller Tove Hersdal  
E-post: marit.hetland@time-kyrkja.no

Bli med då vel!

Velkommen 😊



## Nye sokneråd 2019-2023

Folket har sagt si meining gjennom Kyrkjevalet 9. september, og her kan de sjå kven som i lag med frivillige og stab skal vera med å leia kyrkjene i Time sitt arbeid dei fire neste åra.

Av 7036 stemmeberettiga medlemmer, ga 1194 si stemme ved kyrkjevalet. Takk for eit godt val!

#### Bryne sokn:

Ola Undheim  
Heidi Strand Harboe  
Tove Hersdal  
Inger Bakke Berge  
Jostein Aarbakke Tollaksen  
Steinar Espvik  
Hans Tore Hetland  
Anne Brit Ree  
Jarle Braut (1. vara)  
Stein Arild Boi Pedersen (2. vara)  
Grete Sæther Kallestad (3. vara)  
Astrid Ødegård Lemvik (4. vara)  
Rolf Heskestad (5. vara)

#### Time sokn:

Marianne Hauge  
Willy Finnbakk  
Jorunn Midbrød Ueland  
Inger Birgitte Bækken Kverneland  
Sverre Risa  
Arne Ove Teigen  
Harald Auestad (1. vara)  
Oddvar Byberg (2. vara)  
Gunnar Garpestad (3. vara)  
Leif Kåre Lende (4. vara)  
Bjørn Håland (5. vara)

#### Undheim sokn:

Hanne Brit Sandmark  
Oddvar Undheim  
Ivar Risa  
Per Arne Undheim  
Tordis Sandvik  
Anne Lise Undheim  
Kari Haavardsholm (1. vara)  
Tordis Fosse Lye (2. vara)  
Ingmar Birkeland (3. vara)  
Petter Arrestad (4. vara)  
Elisabeth Fosse (5. vara)

**NMSU og VID Misjonshøgskolestudentar  
arrangerer leir for 2.-7. klasse  
på Furutangen, Randøy, 22. - 24.november 2019.**



Velkommen til adventsleir på Furutangen leirstad på Randøy i Ryfylke! Her vil du få nye venner, det blir gassisk rebusløp, bibelsamling og misjonssamling, sporleik og leikar både inne og på fotballbanen.

Leirleiarane studerer teologi på VID Misjonshøgskolen i Stavanger.

Vi reiser frå Fiskepirterminalen i Stavanger fredag 22.nov. kl. 16.30. Søndag er familien velkommen til gudsteneste kl. 11.00. Etterpå er det middag for leirdeltakarane og kyrkjekaffi for heile familien. Felles avreise frå Furutangen søndag kl. 13.30.

For meir info om påmelding: <https://www.vid.no/arrangementer/adventsleir-pa-furutangen/>

## *Torsdags- Treff*

I Bryne Kyrkje

Hausten 2019

### Tid og stad:

- «Kyrkjestova»  
Klokka 14.30-16.30

### Kven står bak:

Diakoniutvalet i kyrkja har  
ansvaret.

### Program:

19. sept.	«Olav & Olav» frå Sokndal: <b>«Syng med»!</b> Matøkt, og andakt.
17. okt.	Thomas Randulff: <b>«Erfaringer fra Øst og Vest».</b> Utlodning av eple, matøkt, sangstund og andakt.
21. nov.	Gunnar Skadberg: <b>«Kitty Kielland, Jær-maler og skribent».</b> Matøkt, sangstund og andakt.

## ALLEHELGENSPROGRAM I TIME KYRKJE

Open kyrkje – stikk innom og få ein kaffikopp...

"Ord og tonar til håp og trøyst"

### LAURDAG 2. november

**kl. 11.00 – 14.00**

Kyrkja og kyrkjetorget har ope,  
og du er velkommen innom for å få deg  
ein kopp kaffi og noko å bita i medan  
du besøkjer grava.  
Skulle du ønske det, kan du tenne eit lys.  
Vi har og tid til samtale.



**Kl. 12.00 -13.00**

**Program i kyrkjerommet:**

"Ord og tonar til håp og trøyst"

Dikt og skriftlesing.

Orgeltonar ved Per Olav Egeland.

### Velkommen

Arrangert av Time Diakoniutval

*Musikk møter mennesket heilt frå byrjinga  
og gjennom dei mange ulike fasane i livet...  
Nokon gonger heilt til livet sin slutt.*

**“Den fyrste song**

[www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)

**Konsert i Bryne kyrkje**  
**Ons. 23.okt. kl.19.00**

*Per Olav Egeland, Mari Ask Helland,  
John Gravdal, Inger-Kathrine Kjølleberg,  
Sol Amelie og Sunniva Alvilde Fossdal.*

Det blir bl.a. folkemusikk, vogggesongar/  
nattasongar, salmer og nyare viser.

Fri Entre: Kollekt til REDD BARNA



### **Strikkekafé**

på Lye forsamlingshus

**"Ikkje bare for dei med strikketøy"**

Strikkekaféen er for damer i alle aldrar. Ta gjerne med strikketøyet  
eller eit anna handarbeid og få inspirasjon eller kan handa litt hjelp,  
**men det er absolutt lov til å koma bare for å drøsa.**

Det blir "kafé" med sal av litt mat, og det blir ei lita utloddning.

**Torsdagar kl. 19:30**


**19. sep., 31. okt., 28. nov. 2019, - 23. jan., 05. mars 2020**

Sjå eiga Facegook-side for kaféen:

<https://www.facebook.com/StrikkekafePaLye>

# HAUSTFEST

i Bryne kyrkje,  
Sundag 27. oktober, kl.15:00



Program:

- Kåseri og song v/Odd Dubland.  
Tema: «Kvitekrist i møte med heidenskap»
- Diktlesing v/ Bjørg Egeland Løkken
- Innslag av kulturskulelevar
- Andakt ved Stein Ødegård
- Allsong, god mat, kaffi og drøs!

Alle velkomne!

Treng du skyss, ring kyrkjekontoret tlf.: 51770377 innan fredag kl. 13:00

Arr. Bryne diakoniutval



## Velkommen til Sundagstreff i Bryne kyrkje hausten 2019!

Program:

Kl.18.00: Ringleik & allsong + kaffi & drøs i peisestova

Kl.19.00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Datoar for hausten, merk dei av på kalenderen din:

Sundag 1. september Vanleg Sundagstreff kl.18.00

Onsdag 2. oktober er det hausttakkefest i St.Petri kirke kl.18:00

Vi arrangerer felles avreise. Det er påmelding på dette.

Meir informasjon kjem.

Sundag 24. november Vanleg Sundagstreff kl.18.00

Onsdag 11.desember Gudstenesteverkstad kl.17:00

Det er påmelding på dette. Meir informasjon kjem.

Sundag 15. desember Bankersgudsteneste kl.11.00

Ser deg i kyrkja! ☺

Helsing frå Torunn, Trond, Heidi, Elise, Siri og Marit

## JULEMESSE I UNDHEIM KYRKJE

Laurdag 23. november

**Kl. 11.00:** Opning: Ernst Baasland held andakt.  
Song av «Frimenn».

**Kl. 13.30:** Familiemøte med åresal og hovudtrekning.  
Andakt av Synnøve Hatle.



Sal av handarbeid, småkaker, grav- og dørpynt m.m.

Åresal: Juledekorasjonar, kaker og fruktkorger.  
Kransekakelotteri

I kyrkjekjellaren sel me risgraut, kaker og kaffi

Vel møtt til julemesse!

NMS - foreningane i Time



## Misjonskveld - Bryne kyrkje 3. november. Kl 19.00

Vi får besøk av George Makeen  
Han er frå Egypt, men bur på Kypros og  
har i mange år vore sentral i leiinga av SAT7

Jærklang bidreg med song

Kyrkjekaffi etter møtet

Velkomne!

Misjonsutvalet i Bryne kyrkje

## Julemesse i Bryne kyrkje 30. november 2019

### Kl 11.00 Salsmesse

Andakt ved Mari Ask Helland  
Song av Allegro  
Elevar frå kulturskulen deltek  
Aktivitetar for barn  
Sal av handarbeid, dekorasjonar, småkaker mm  
Kafé og åretrekning

### Kl 18.00 Julemessefest for heile familien

Minikonsert av Jæren Gospel Kor  
Tale av May Brit Merland Arnø  
Elevar frå kulturskulen deltek  
Leiker  
Åretrekning og hovudtrekning  
Kaffi, smørbrød og kaker

Inntektene går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og kyrkjelyden sine misjonsprosjekt for NMS og Misjonsalliansen

### Velkomne!

Bryne sokneråd



### LAGEDAGAR BLI MED

**Me lagar salsvarer til julemessan i Bryne kyrkje  
nokre laurdagar i haust.**

Me møtest heime hos Synnøve Hatle  
i Rosselandsvegen 2F  
kl 10.00.

10.sept., 19.okt. og 9. nov

Ta kontakt om det er noko uklart: tlf 915 17 753

## Trua som «mysterium»

«Mysteriet i vår gudstru er stort», seier Apostelen Paulus. Og i nattverdliturgien seier me: «Mysteriet i trua er stort..».

Denne hausten vil bibelkveldane i Bryne kyrkje ha fokus på trua som noko underfullt, som mysterium.

Hovedtema vil bli belyst frå ulike vinklar. Me vil fokusere på det ein i teologien har kalla «Mysterium tremendum et fascinosum» - det rystande og tiltrekkjande i trua. Når Gud gir seg til kjenne, får mennesket ei kjensle av å stå på heilag grunn, og samstundes bli dregen mot Gud. Vår tru har dessutan skjulte dimensjonar og skjulte, underfulle skattar.

Skaparverket er eit «byggverk» som utfordrar oss til un- dring og tru.

Frelsesverket er «- et mysterium som både skal forklares,

utlegges og bli forstått, og på samme tid verken kan forklares eller begripes fullt ut, men skal tilbes og lovprises», seier den svenske teologen Agne Nordlander. Også Guds kyrkje på jorda er eit mysterium. Vidare er Gudstenesta ei hending der Guds mysterium kjem til oss, gjennom ordet, bønene og sakamenta.

Kvar kveld blir det to innlegg, med kaffipause imellom. Foredragshaldarane stiller med solid teologisk kompetanse, og det blir høve til spørsmål.

Alle er velkomne!

Jens Olav Mæland

## Bibelkveldar Mysteriet i trua er stort ....

Bryne kyrkje — Kl.19 — 21:15



Tid	Tema	Foredragshaldar
24. sep	<b>Vår kristne tru som 'mysterium'</b> Ei bibelteologisk innføring i korleis dette perspektivet trer fram i Bibelen.	<b>Jens Olav Mæland</b> tidl. lærer ved Fjellhaug Skoler og prest i DnK
	<b>Skaparverket som noko ufatteleg og fascinerande.</b> Kva er eit menneske at du kjem det i hug?	<b>Bård Mæland</b> prorektor VID/MHS, prof. ST.
8. okt	<b>Kristi forsoningsverk – eit mysterium!</b> «.. eit mysterium, Guds løynde visdom.»	<b>Anna Rebecca Solevåg</b> prof. ved VID/MHS.
	<b>Kristus og kyrkja – eit stort mysterium!</b> Kyrkja er meir enn det me sansar – også lokalt.	<b>Stein Ødegård</b> cand. theol frå MF, Sokneprest i Bryne.
22. okt	<b>Der får me del i Guds mysterium!</b> Om gudstenesta som staden der Guds mysterium kjem til oss og skaper tru og liv.	<b>Kjetil Aano</b> tidl. misjonær og gen.sekr. i NMS, prost i DnK.
	<b>Truserfaring og kristen mystikk.</b> Om korleis «våre fedre» avviste spekulativ mystikk, og samstundes la vekt på ekte truserfaring.	<b>Joar Haga</b> amanuensis ved VID/MHS.

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p><b>Johansen Elektriske as</b> Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
 <p><b>coop obs!</b> HYPERMARKED</p>	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p><b>ek</b> Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne</p> <p>TLF. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180</p>	 <p><b>aktiv.</b> Eiendomsmegling 51 77 80 00 / rogaland@aktiv.no</p>
 <p><b>MotorForum</b> Stavanger - Sandnes</p> <p>RENAULT      DACIA      MITSUBISHI MOTORS</p>	 <p><b>VB</b>      <b>Bryne Rør</b></p> <p>Vesthagen 9, Håland, 4344 Brune</p>	 <p><b>elkonor</b>      <b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
 <p><b>Sjekk Punkt</b>      NORGES BESTE BILVERKSTEDKJEDEN I 2013</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Service/reparasjoner</li> <li>• Karosseri/småskader</li> <li>• Ruteskift</li> <li>• EU kontroll</li> <li>• Alle bilmerker</li> <li>Leiebil fra 250,- pr. dogn</li> </ul> <p>Bryne Autosalg Bilsgal &amp; Verksted</p> <p>Janvegen 160, Bryne v/UnoX • Tlf. 51 48 64 00</p>	 <p><b>e i k h i</b></p>	 <p><b>BYGG MESTER</b> <b>JENS GERLACH</b> <b>SØRENSEN A·S</b></p>
 <p><b>BERGENE MASKIN</b> Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne</p> <p><u>Graving</u> • <u>Transport</u> • <u>Singel</u> • <u>Grus</u> • <u>Solla jord</u></p> <p>E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no      Arvid Berge Org.nr. NO 980 557 901 MVA      Daglig Leder www.bergenemaskin.no      Mob. 917 30 249</p>	 <p><b>EiendomsMegler</b> <b>1</b></p>	 <p><b>Bøgh Hafoø a/s</b>      <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>
 <p><b>PRIVATMEGLEREN</b> JÄREN Torggata 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no</p>	 <p><b>Alt innen datahjelp</b> -hjem på døren til private &amp; bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it</p>	 <p><b>haver_</b></p>
 <p><b>TIME ELEKTRO AS</b> når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>	 <p><b>PORT &amp; DØRSENTER AS</b></p>	<p>Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>

## NLM Julemesse på Fotland

### 29. og 30. november

Fredag kl. 19:00  
 Tale - Wenche Lunde  
 Trekkspelklubben  
 Åresal, kafé, varesal



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND



Laurdag kl. 11:00  
 Tale – Wenche Lunde  
 Song - Nærø Musikklag.

Laurdag kl. 13:30  
 Tale - Sigrid Voster  
 Song - Supermix frå Undheim  
 Åresal, trekning hovudbasar og barnebasar.

Velkomne!



Time sjømannskirke-forening har  
 basar i Bryne kirke 18.okt. kl.19.00.  
 Ole Dagfinn Sky og  
 Frimenn blir med.  
 Bevertning, åresalg og allsang.  
 Du er velkommen.

### VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
 Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon  
 og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



## “LAUST OG FAST” hausten 2019

### i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje



**Undheim kyrkje**

Onsdagar kl. 14.00 - 16.00

- 18. sept.: Tora (Fjermestad) Salte.
- 16. okt.: Per Odd Arrestad.
- 20. nov.: Programmet ikkje klart.

Ord for dagen, song, utloddning og matpause.

Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre som  
 tida høver for.

Arr. “Laust og Fast” komitéén

**FRELSES  
ARMEEN**

Bryne  
Kto. 3325.20.11906

**Vil du ha  
Misionstidende MT  
GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

**NOREA** MEDIEMISJON

**Evangeliet**  
tilbake til jødene

Den Norske Israelsmisjon  
[www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Vil du at flere jøder skal komme til tro på  
Jesus? Vipps din gave til 19333

**TAKK**  
til deg som

UTRYDDER  
FATTIGDOM

DELER TROEN  
PÅ JESUS

BEKJEMPER  
URETTFERDIGHET

NMS

SAMMEN  
FORANDRER  
VI VERDEN

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)



**Det er ingen selvfølge at  
noen ordner bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familer som sliter med  
alkohol- og rusproblemer?

*Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)  
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)*



# Skaparverket



## Grågåsa

Gjæser som dreg mot sør er eit sikkert teikn på at hausten er komen. Det er eit litt vemondig syn, men vi veit at når vårsola om nokre månader tek tak, kan vi glede oss til å få sjå den første "plogen" i motsett lei.

Grågåsa er den største og mest kjende av våre gjæser. Dei kan ha eit vengespenn på over 180 cm, og vekta ligg normalt på 3-4 kg.

Grunna mykje jakt var grågåsa tidlegare under sterkt press, men i dei seinare åra har ein sett ein kraftig auke i bestanden. Her på Jæren kan ein sjå store flokkar som beiter på innmark - spesielt rundt Orrevatnet. Det er nok ikkje alle bøndene som set like stor pris på denne gjesten!


Grågåsa er trufast og held seg vanlegvis til same make heile livet. Ho flokkar seg i familiegrupper der ein gammal hannfugl oftast er sjefen. Han brukar mykje tid på speiding etter farar og tek eit spesielt ansvar for flokken sitt "ve og vel".

Om hausten dreg dei fleste til varmare strok i Nederland og Spania. Men det er alltid nokre gjengar som tek sjansen på å halda seg på Jæren gjennom heile vinteren. Dei fleste av desse kjem frå Island, og då kan ein forstå at dei synest Jæren er reine "palmekysten". Men vert vinteren kald med mykje nordavind, får hardhausane det tøft!

Foto: Harald Lygren


Tekst: Rolf Heskstad

## Det litt muntre hjørnet:



Løysing Helge-kryssord - 3/19

**HelgeKryssord - 3/19** (av Gabriel Tengsareid)



### Dagens skottehistorie.

"Eg høyrer at McDougal etterlet seg over hundre tusen pund då han døydde," bemerka McNab. "McDougal etterlet seg ikkje dei pengane", sa McTavish, "han vart teken bort frå dei."

### Vassrett

1. Elv i Sibir
2. Salme
8. Register
9. Kavet
10. Kortspel
11. Vera ryttar
13. Ungdyr
14. Sint
15. Drikk
16. Hast
17. Bispedømme
18. Renn
19. Dårleg humør
21. Hev
22. Likt begge vegar
23. Stad i Hordaland
25. Tone
26. Røyrtut for smørjing

### Loddrett

1. Leirgauk
2. Kyrkjebygningar
3. Symbola
4. Tilbake
5. Storfyrste (Esekiel 38)
6. Folkelivsgransking
7. Verkeleggjere
12. Renna
13. Frakta
20. Like konsonantar
22. Frø
24. Forstaving
27. Hurtig
28. Etter kl. 12

## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

### Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)  
tlf. 958 73 847

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105

Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518

Diakon Marit Høie Hetland  
tlf. 48 89 69 19

## Miljø, møteplass og misjon



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, maleri, stearinlys, leiker, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Vi tar også imot stumpar av stearinlys

Telefon 400 37 151

måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



### FRETEx butikk Bryne

Parken senter Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

#### Vi tar imot og sel:

Klede, kjøkkenutstyr, maleri, bøker, møbler, pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.

Telefon 922 09 638

tysdag-fredag 10.00 – 16.00 laurdag 11.00 – 15.00

måndag: stengt



**BLIFADDER!**

[www.blifadder.no](http://www.blifadder.no)

misjonsalliansen



## DØYPTE

### BRYNE KYRKJE

02.06.19: Ada Pettersen Barvik, Oskar Lode Østerhus, Olav Skaa  
16.06.19: Nora Amalie Førland, Henrik Dahle Kverneland, Cecilia Undheim Olaisen, Aline Karlsson Wiig  
26.06.19: Vetle Mygland Håland, Rio Hobberstad Salte  
07.07.19: Mia Hetland-Salvesen  
04.08.19: Daniel Hognestad Jonassen, Lisa Konstali

### TIME KYRKJE

19.05.19: Linnea Abrahamsen Espeland, Maxim Førland, Amanda Bråten Salte, Thea Saurdal  
30.05.19: Selma Føbe Fosse Karlsen, Tuva Mauland  
09.06.19: Martin Fosmark, Johannes Granberg, Hogne Njølstad Haugland, Alva N Vollund  
16.06.19: Olai Øksendal Brueland, Ingrid Vårdal Friestad, Conrad Vigdel  
30.06.19: Leah Berge, Hedda Kro Hegre, Teo Kvalvik, Loke Øksnevad  
28.07.19: Gabriel Tveita Fosen, Lavrans Skartveit Pedersen  
11.08.19: Johannes Haver Eide, Eirin Synnøve Knutsvik, Ella Lervik  
25.08.19: Alexandra Haugland, Ella Lund Skaaland, Jens Kverneland Thomassen

### UNDHEIM KYRKJE

10.06.19: Margit Pedersen  
14.07.19: Jakob Undheim

## VIGDE

### TIME KYRKJE

08.06.19: Ida Hiller Sollie og Vidar Mong, Caroline Haarr og Tor Vegard Frøland, Johanne Torgersen og Trygve Sandvik  
15.06.19: Lisa Mari Hansen Fotland og Kjetil Rosland, Kristine Johnson og Erik Risanger Alstadsæter  
22.06.19: Marte Underhaug og Petter Berntsen  
10.08.19: Karoline Nesse og Kristian Gabrielsen Aune

### BRYNE KYRKJE

18.05.19: Kristine Espedal og Tormod Hetland

### UNDHEIM KYRKJE

05.07.19: Ragnhild Sikveland og Andreas Rise  
17.08.19: Aimée Yvonne Lende og Jon Atle Nyman

## DØDE

Henny Garborg, Johannes Lode, Karsten Haagensen, Augunn Thor-modsæter, Geir Magne Håland, Åge Undheim, Solvor Serigstad, Amalie Rosland Bø, Anne Karin Bondhus, Jan Karsten Høyland, Gunnar Sivertsen, Torfinn Ingolf Forberg, Olaug Johanne Evertsen, Astrid Hognestad, Kari Thu, Toril Marie Heglum, Borgny Herikstad, Kåre Cornelius Thue, Kaius Taksdal, Otto Jakobsen, Sverre Risa



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlate

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønsker du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på:  
[diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no) eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

**DØGNVAKT**  
**51 97 29 00**

Våre medarbeidere på Jæren  
Runar Apeland, Borgny Å.Skretting  
og Brikt Gaa

Kontor: Bryne og Sandnes og Stavanger

**STEINAVDELING**  
GRAVMONUMENT  
PLATER

[www.krogdal.no](http://www.krogdal.no)

**3. GENERASJON BEDEMANN**  
Arild Aase  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
24 TIMERS VAKTTELEFON

**Obed Bryne**  
Begravelsesbyrå

Hos oss er dine ønsker  
det viktigste

**24-timers vakttelefon**  
**51 77 80 80**

Les mer på [www.obed.no](http://www.obed.no)

**80 år 1939-2019**



Velkommen til  
**gudsteneste**

**Skyss til  
gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**

Sverre M. Lima 51 48 21 33  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



*VÆLSIGNA  
HAUST*

FULLDISTRIBUSJON

## Gudstenesteliste

<b>Sundag 29. september</b>	<b>16. sundag i treeiningstida</b>	<b>Matt 11,16-19</b>
Undheim kyrkje	10:30	Familiegudst. Dåp. Haustakkefest/2-åringar/barnehagen
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 6. oktober</b>	<b>17. sundag i treeiningstida</b>	<b>Fil 1,20-26</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule
<b>Sundag 13. oktober 18. sundag i treeiningstida</b>	<b>Mark 1,40-45</b>	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 20. oktober 19. sundag i treeiningstida</b>	<b>Luk 9,57-62</b>	
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Lys Vaken.
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus. 4-årsbok
<b>Sundag 27. oktober Bots- og bededag</b>		<b>Luk 15,11-32</b>
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
<b>Sundag 3. nov.</b>	<b>Allehelgensdag</b>	<b>Jes 60,18-22</b>
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule. Misjonsvindu
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Nattverd
<b>Sundag 10. nov.</b>	<b>22. sundag i treeiningstida</b>	<b>Luk 10,25-37</b>
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Nattverd
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule
<b>Sundag 17. nov.</b>	<b>23. sundag i treeiningstida</b>	<b>Matt 24,35-44</b>
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste. Dåp
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus. Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste
<b>Laurdag 23. nov.</b>	<b>Laurdag e. 23. sundag i tree. Matt 24,35-44</b>	
Time kyrkje	14:00	Dåpsgudsteneste
<b>Sundag 24. nov.</b>	<b>Domssund. / Kristi konged.</b>	<b>Joh 9,39-41</b>
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule
Bryne kyrkje	18:00	Sundagstreff
<b>Sundag 1. des.</b>	<b>1. sundag i advent</b>	<b>Matt 21,1-11</b>
Time kyrkje	11:00	Familiegudsteneste. Nattverd. 4-års bok. Lye barnegospel
Bryne kyrkje	18:00	Lysmesse. Nattverd. Lys vaken Speidarar
<b>Sundag 8. des.</b>	<b>2. sundag i advent</b>	<b>Joh 14,1-4</b>
Undheim kyrkje	10:30	Familiegudsteneste. Dåp. Utdeling av 4 års bok
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste. Dåp. Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste med familiefokus.